

INFORMASJON OM MEKLING I HUSLEIETVISTUTVALET (HTU)

Mekling er eit møte der utleigaren og leigetakaren får hjelp av ein meklar til å løysa saka. Meklarane våre er ekspertar på husleigerett. Meklarane er nøytrale og har lang erfaring med å løysa alle typar konflikhtar.

Fordelar ved mekling:

- ✓ *Raskare og billegare måte å løysa saka på*
- ✓ *Spar tid og energi*
- ✓ *Meir innverknad – ein kan avtala gode fleksible løysingar*
- ✓ *Saka vert heilt avslutta – unngå fleire rundar i domstolane*

Korleis går meklingsmøtet føre seg?

- Møtet vert halde i HTU sine lokale. Det er òg mogeleg å mekla via Skype.
- Meklaren avgjer korleis møtet skal gå føre seg.
- Både utleigar og leigetakar får fortelja kva som er skjedd, og om kva dei ynskjer.
- Ofte snakkar meklaren med deg åleine i løpet av møtet, for å finna løysingar.
- Vert de samde, hjelper meklaren dykk med å laga ein bindande avtale. Avtalen vert kalla forlik. Forlik har verkar på same måte som ein dom, men kan ikkje ankast til tingretten.
- Møtet varer som regel eit par timar, men det kan òg ta lenger tid. Meklaren har sett av heile dagen.

Kan eg ta med meg nokon i meklingsmøtet?

- Du kan ha med ein advokat eller medhjelpar for å få støtte og råd, men det er ikkje naudsynt.
- Meld frå til HTU **innan 1 veke før møtet** dersom du vil ha med nokon.

Kva om eg guarar meg til å møta den andre parten?

- Ta kontakt med HTU dersom du guarar deg.
- Meklaren syter for at begge partar oppfører seg ordentleg. Begge skal verta hørde.

Kva bør eg gjera før meklinga?

- Tenk gjennom ulike løysingar – ver kreativ. Finn fram dokument du vil ha med.
 - **Tips:** Noter det du vil seia + forslag på løysingar.
- Meld frå dersom du treng tolk. HTU bestiller og betalar for tolk.

Kva skjer dersom vi ikkje blir samde?

- Etter å ha mekla veit du meir om styrkar og veikskapar ved saka di.
- Begge får ein frist til å koma med **nye** opplysningar/bevis før HTU avgjer saka.
- HTU sine avgjerder kan ankast til tingretten.

Meir informasjon på www.htu.no